

**FITJAR KOMMUNE**  
**Postboks 83**

5418 FITJAR

Vår dato: 15.06.2017  
Vår ref: 2017/1827 - 13308/2017 /  
Dykkar ref:

## **Krav om reforhandling av avtale mellom Fitjar og Stord kommune om pedagogisk- psykologisk teneste**

Fitjar og Stord kommune har i mange år hatt ei felles PP- teneste. Gjeldande avtale er frå september 2003 og er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp med eitt års varsel. Avtalen omhandlar ikkje reforhandling, Stord kommune vil likevel be om slik forhandling.

Stord kommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i tenesta og arbeidsstaden er på Lervik. Innhaldet, oppgåvene og forventningane til PP-tenesta har endra seg vesentleg sidan avtalen vart inngått. Det same gjeld forventningane til oppfølging og kontroll. Stord kommune ser det som naudsynt at ein avtale om samarbeid kring felles PP-teneste er meir i samsvar med den faktiske situasjonen. Me ser og at fordeling av kostnadar i større grad må spegla fordeling av oppgåver enn det avtalen i dag gjer.

Det vil i etterkant av dette brevet bli sendt ut innkalling til møte der reforhandling er tema.

Med helsing

Magnus Mjør  
Rådmann

Mariann Jacobsen Hilt  
Kommunalsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*